

# Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 07.06.2023  
**Møtestad:** Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg  
**Møtetid:** kl. 13:00 - 19:30

Synfaring på Osterøy Ungdomsskule i forkant av møte

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalte Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Kjersti Ingolvdotter Vevatne	V	Jarle Skeidsvoll

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Leiar stab, støtte og utvikling, politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
038/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/23	Godkjenning av møtebok
040/23	Referatsaker og meldingar
041/23	Årsmelding og Årsrekneskap 2022
042/23	Tertialrapport 1.tertial 2023
043/23	Bevilgning til skisseprosjekt for bustader Bruvik skule
044/23	Varmeanlegg Osterøytunet - tilleggsløyving 2023
045/23	Reparasjon av Kossdalssvingane
046/23	Revidert investeringsbudsjett 2023
047/23	Fartsdempande tiltak Rymledalen
048/23	Søknad om kommunal garanti for lån - Osterøy stadion Fugledalen
049/23	Oppgradering Osterøy ungdomsskule
050/23	Oppdatering av politisk styringsstruktur og reglement
051/23	Justert førespurnad om busetting av flyktningar 2023
052/23	Bokbussen Soria Moria
053/23	Flagging frå kommunale bygningar
054/23	Løypemelding KDP Idrett og fysisk aktivitet
055/23	Vedtak av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033
056/23	Generalforsamling i kommunaleigde selskap 2023 - førebuing
057/23	Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad
058/23	Tilslutning av nye deltakerkommuner til Bergen og Omland Friluftsråd
059/23	Søknad om skjenkeløyve - Den Grøne Fabrikken AS, Hosanger
060/23	Andre saker/spørsmål
061/23	Kulturprisen 2023

## **Kommunedirektøren orienterte om følgjande:**

### **Feil som er oppdaga i Visma Familia – fagprogram for barnevern**

Feilen som vart oppdaga i Bergen kommune har heldigvis ikkje ramma oss. Me har gjort undersøkingar manuelt, men feil er ikkje avdekka.

### **Jordmortenesta**

Jordmor er sjukemeld og vi har ikkje lukkast å få vikar. Har og kontakta andre kommunar med tanke på eit samarbeid, men fått nei. Til jordmor er tilbake får gravide oppfølging av fastlege.

### **Valestrand legekantor**

Ny vikar på plass denne veke – skal vere der i 3. veker.

Vi arbeider vidare med permanent løysing og er i dialog om korleis vi kan avlaste kontoret med administrative oppgåver samt hjelpepersonell.

### **VA Mjeldalen – Espevoll:**

- Arbeidar for fullt i Vesetgjelet og i Mjeldalen og går som planlagt. Dei er noko bak opprinneleg tidsplan i Mjeldalen pga. graveløyve vi venta på frå VLFK, men vert ferdig i år.
- I Vesetgjelet blir det arbeid med grøft og førebuingar for borehol som skal under veggen før ferien, og borehol etter ferien. Blir ei køyrebane og lys minst ut august.
- Gått ferdigbefaring med grunneigarar over Veset og gjer siste finpuss her før ferien.
- Høgdebasseng på Veset nærmar seg ferdig.
- Held på med planlegging siste parsell av graving i Mjeldalen frå ca. ungdomshuset og nedover til startpunktet. Her skal traseen ligge i vegbana der det er trongast mellom husa.

### **Busslomme Valestrand:**

- Prosjektet er endeleg i full produksjon.
- Har tatt i eit ekstra VA-prosjekt i samband med prosjektet, der det blir skifta leidningar for vatn og avlaup frå litt ovanfor oppkøyringa til skulen og ned til gamleskulen. Blir finansiert gjennom løyving som er sett av til fornying av VA-leidningar på sjølvkost.
- Prosjektet har tapt ca. 4 månader på framdrifta pga. manglande graveløyve frå VLFK, og ligg no an til ei ferdigstilling ca. mars 2024.

### **Asfaltering Sakslivegen:**

- Utlysing av arbeida i desse dagar.

### **Varmeanlegg Osterøytunet:**

- Motteke prisar, gjennomført forhandlingar og val av leverandør vert gjort denne eller neste veke. Skrivning av avtale snarast råd for å klara å halda framdrifta.

## Omsorg+

- Helse har avsett ressurs som har byrja å arbeida med prosjektet.
- Synfaring på tilsvarande prosjekt i Kristiansand onsdag 7. juni.

## Utstyrssentral

BUFDIR har avslått søknadane vi sendte inn i fjor haust, dvs til utstyrssentral og ungdomslos. Grunngevnad er at vi har midlar på andre prosjekt frå dei. Vi tek signala om at vi bør prioritere dei prosjekta som er i gang, God fritid for alle og Ungdomsklubb, og få disse avslutta eller over i ordinær drift, før vi søker om nye midlar frå denne stønadsordninga.

Utstyrssentralen vil bli forsinka. Vår tanke var å få denne i gang før frivilligsentralen. Vi tenker nå å prioritere frivilligsentralen først og mest, og når denne er offisielt opna 1. september, kan vi opne for arv frå innbyggjarar. Vidare arbeid handlar om å sjå på stiftingar for å sjå om vi finn midlar der til å få eit startbibliotek med utstyr. Vi er kjent med at andre kommunar har lukkast med dette. Vi presiserer at vi ikkje har gjort nokre innkjøp, så budsjettet vert ikkje påverka av dette avslaget. Inntekter var budsjettert, men det var utgiftene også. Av tilsette som skulle jobbe med dette, er det godt med arbeidsoppgåver av type «ryddeoppgåver» knytta til idrett og friluftsliv som nå kan fullførast.

Lokalene til utstyrssentral og frivilligsentral er ikkje større enn dei bør vere for å ha plass til begge. Vi er difor rimelig rolige på at enkelte prosessar tek lengre tid enn vi ønska oss, for husleiga hadde nok blitt den same om vi berre hadde planlagt for frivilligsentral.

## 038/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg:

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### 07.06.2023 FORMANNSKAPET

Kjersti Vevatne, V, varsla innsendte spørsmål vedk. sak 049/23 oppgradering Osterøy Ungdomsskule samt innsendte spørsmål vedk. sak 025/23 og sak 053/23 i plan- og kommunalteknisk utval. Ragnar Tyssebotn varsla spørsmål vedk. Landbruk. Sak 051/23 var ikkje tilgjengeleg i møteportalen, men var tilgjengeleg i samla fil på heimesida.

-----  
Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste.

### **FS - 038/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

-----

## **039/23: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå vert godkjend.

## **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til møteboka.

### **FS - 039/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 03.05.23 vert godkjend.

---

## **040/23: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

## **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Hjalti Heimir Gislason, H, hadde slik kommentar: Sønadsfrist for prosjektet er 8.september, neste møte i Formannsskapet er 6.sept, Formannsskapet ynskjer ei oppdatering i neste møte.

### **FS - 040/23 VEDTAK:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

---

## **041/23: Årsmelding og Årsrekneskap 2022**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Årsmelding og rekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Netto driftsresultat er kr. 10 579 575.

Disponering av netto driftsresultat er følgjande :

Avsetninger til bundne driftsfond kr. 4 087 627,-

Bruk av bundne driftsfond er kr. 7 023 194,-

Avsetning til disposisjonsfond kr. 13 515 142,-.

#### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Leiar for økonomikontoret Øyvind Johannesen orienterer.

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 041/23 VEDTAK:**

Årsmelding og rekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Netto driftsresultat er kr. 10 579 575.

Disponering av netto driftsresultat er følgjande :

Avsetninger til bundne driftsfond kr. 4 087 627,-

Bruk av bundne driftsfond er kr. 7 023 194,-

Avsetning til disposisjonsfond kr. 13 515 142,-

---

#### **042/23: Tertialrapport 1.tertial 2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

#### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 042/23 VEDTAK:**

Økonomirapport pr 1.tertial 2023 vert teken til vitande.

---

#### **043/23: Bevilgning til skisseprosjekt for bustader Bruvik skule**

## Rådmannen sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

### 07.06.2023 FORMANNSKAPET

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg:

Vedtak om sal av Bruvik skule vert oppretthalde. Når bodrunden er avslutta, vert innkomne høgaste bod lagt fram for Heradstyret til endeleg vedtak. Om bodet er for lågt, kan Heradstyret velje å behalde bygget for å nytte det til andre føremål.

Grunngjeving: Heradstyret har tidlegare vedteke at bygget skal seljast. Denne prosessen vart ikkje heilt vellukka sist, og det må difor gjerast eit nytt forsøk på å selje bygget. Å starte eit prosjekt med å bygge om eit bygg som dette til hyblar, vil føre med seg store kostnader, i tillegg til at bygget sin alder tilseier at det kan være skader i konstruksjon med meir.

#### **AVRØYSTNG:**

Siren Tyssebotn, FRP, sitt framlegg fell

- 2 røyster (FRP)

Kommunedirktøren sitt framlegg vert vedteke

- 7 røyster (V, H, H, SP, SP, AP, AP)

#### **FS - 043/23 VEDTAK:**

Det vert sett av kr. 300.000,- til vidare utgreiing av moglegheit for etablering av små bueiningar i skulebygget på Bruvik.

Summen vert lagt inn i revidert investeringsbudsjett, og finansiert via låneopptak.

---

### 044/23: Varmeanlegg Osterøytunet - tilleggsøyving 2023

## Rådmannen sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunedirektøren tilrår at prosjektet med utskifting av varmeanlegg på Osterøytunet vert realisert. Prosjektet vert finansiert gjennom tilskot frå Husbanken og tilleggsøyving over investeringsbusjettet for 2023 på kr. 4.100.000,- inkl. mva. Tilleggsøyvinga vert finansiert gjennom auka låneopptak.
2. Basert på opsjonsprisane som er henta inn for oppdimensjonering av anlegget til å dekke Opro AS sitt behov også, går kommunedirektøren i dialog med Opro AS for å avklare om dei ynskjer å gå inn på dette anlegget, og vidare evt. framforhandle ein avtale om sal av varmtvatn får Osterøy kommune til Opro AS. Dersom denne delen av prosjektet også skal gjennomførast må løyvinga til prosjektet aukast med ca. kr. 500.000,- Dette vert tilbakebetalt i form av sal av varmtvatn.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta denne avgjersla saman med Opro AS.

### 07.06.2023 FORMANNSKAPET

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP hadde slikt tilleggsframlegg: Dersom det er løysing med energibrønner som er tenkt valde, må desse plasserast i område/ så langt unna område som kan tenkjast å verte bygd ut for Omsorg pluss/ andre utvidingar av sjukeheimen at det er heilt sikkert dei ikkje vil verte skada av sprengingsarbeid og anleggsarbeid i samband med framtidige utbyggingar.

Grunngjeving: Grunnarbeid og sprenging av fjell kan skade brønnane og føre til at brønnane og anlegget vert øydelagde. Sprengladninga kan følge i fjellet over lengre avstander, og det kan føre til store skader på omkringliggende brønner. Det må difor sikrast at eit slikt tiltak vert bygd sikkert for å unngå slike skader.

#### **AVRØYSTING:**

Kommunedirektren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP, sitt tilleggsframlegg fell - 2 røyster (2FRP) mot 7 røyster (V, 2H, 2SP, 2AP)

#### **FS - 044/23 VEDTAK:**

1. **Utsifting av varmelegg på Osterøytunet vert realisert. Prosjektet vert finansiert gjennom tilskot frå Husbanken og tilleggsføring over investeringsbudsjettet for 2023 på kr. 4.600.000,- inkl. mva. Tilleggsføringa vert finansiert gjennom auka låneopptak.**
2. **Basert på opsjonsprisane som er henta inn for oppdimensjonering av anlegget til å dekkja Opro AS sitt behov også, går kommunedirektøren i dialog med Opro AS for å avklare om dei ynskjer å gå inn på dette anlegget, og vidare evt. framforhandle ein avtale om sal av varmtvatn får Osterøy kommune til Opro AS. Dersom denne delen av prosjektet også skal gjennomførast må føringa til prosjektet aukast med ca. kr. 500.000,- Dette vert tilbakebetalt i form av sal av varmtvatn.**

**Kommunedirektøren får fullmakt til å ta denne avgjerla saman med Opro AS.**

---

#### **045/23: Reparasjon av Kossdalssvingane**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Det vert løyvd kroner 700 000 til reparasjons- og istandsettingstiltak i Kossdalen. Inntil 500 000 av disse kan nyttast i 2023.**

**Løyvinga vert gjort ved hjelp av låneopptak, og via investeringsbudsjettet.**

#### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP, sette slikt tilleggsframlegg:

Midlane vert å hente frå disposisjonsfondet. Det vert arbeidd med å få dekkja desse kostnadane frå fylket. De må og arbeidast med å få veien inn i fylket sin verneplan.

Grunngjeving: Med aukande renter vil det være meir fornuftig å ikkje bruke av kommunen si låneramme for å finansiere dette. Vegen er eit viktig kulturminne og turistmål, og kommunen må difor gå aktivt inn for å få denne vegen inn i fylket sine lister.

**AVRØYSTING:**

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP sitt tilleggsframlegg vert vedteke - 8 røyster (V, H, 2SP, 2AP, 2FRP) mot 1 røyst (H)

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 045/23 VEDTAK:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Det vert løyvd kroner 700 000 til reparasjons- og istandsettingstiltak i Kossdalen. Inntil 500 000 av disse kan nyttast i 2023.**

**Løyvinga vert gjort ved hjelp av disposisjonsfond.**

**Det vert arbeidd med å få dekkadane frå fylket. Det må og arbeidast med å få veien inn i fylket sin verneplan.**

---

**046/23: Revidert investeringsbudsjett 2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Hjalti Heimir Gislason, H, hadde slikt tilleggsframlegg:

Investeringsbudsjettet for 2023 si ramme vert auka med 34.220.000,- som vist til i oversikta, med følgjande endring:

- Budsjett for prosjektnummer K01364 «Varmeanlegg Osterøytunet» vert auka med 500.000,- ref. punkt 2 i sak FS 044/23.

**AVRØYSTING:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason, H, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 046/23 VEDTAK:**

**Forslag til revidert investeringsbudsjett blir vedteke.**

**Investeringsbudsjettet for 2023 si ramme vert auka med 34.220.000,- som vist til i oversikta, med følgjande endring:**

**- Budsjett for prosjektnummer K01364 «Varmeanlegg Osterøytunet» vert auka med 500.000,- ref. punkt 2 i sak FS 044/23.**

## **047/23: Fartsdempande tiltak Rymledalen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Det vert etablert fartshumpar i Rymledalen, frå avkøyring til Rymleheia/Fugledalen og til avkøyringa til Hovdavegen. Fartshumpane vert dimensjonert for fart på 50km/t, og av ein type som er tilpassa større køyretøy grunna trafikken til næring og industri i området.

## **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 047/23 VEDTAK:**

Det vert etablert fartshumpar i Rymledalen, frå avkøyring til Rymleheia/Fugledalen og til avkøyringa til Hovdavegen. Fartshumpane vert dimensjonert for fart på 50km/t, og av ein type som er tilpassa større køyretøy grunna trafikken til næring og industri i området.

---

## **048/23: Søknad om kommunal garanti for lån - Osterøy stadion Fugledalen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy Idrottslag får innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for å rehabilitere kunstgrasbana på Osterøy stadion - Fugledalen, kroner 6 000 000, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jfr. Kommuneleva § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.

Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Osterøy Idrottslag har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vera gyldig.

Garantien gjeld for lån til rehabilitering av kunstgrasbana og lysanlegget.

## **05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Ungdoms- og idrettskonsulenten la fram saka for ungdomsrådet.

### **UR - 034/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

## **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 048/23 VEDTAK:**

Osterøy Idrottslag får innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for å rehabilitere kunstgrasbana på Osterøy stadion - Fugledalen, kroner 6 000 000, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jfr. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.

Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Osterøy Idrottslag har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vera gyldig.

Garantien gjeld for lån til rehabilitering av kunstgrasbana og lysanlegget.

---

### **049/23: Oppgradering Osterøy ungdomsskule**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

### **05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Oppvekst, undervisning og kultur la fram saka for ungdomsrådet.

Møteleiar la fram følgjande forslag til vedtak: "Ungdomsrådet støttar utgreiing av alternativ 2 og 4. Alternativ 4 berre dersom det er snakk om ei omfattande rehabilitering. Ungdomsrådet ønskjer minimum 1 representant i ei eventuell arbeidsgruppe, og forventar å vere representert i alle steg i planlegginga."

### **UR - 033/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støttar utgreiing av alternativ 2 og 4. Alternativ 4 berre dersom det er snakk om ei omfattande rehabilitering. Ungdomsrådet ønskjer minimum 1 representant i ei eventuell arbeidsgruppe, og forventar å vere representert i alle steg i planlegginga. Samrøystes vedteke.

### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Kjersti Vevatne, V, hadde slikt fellesframlegg:

Alle alternativ legg til grunn at symjehallen ikkje skal ligga ved ungdomsskulen

Moglegheitsstudien for skulen skal:

- ha eit 50-års perspektiv
- ha ein teknisk tilstandsrapport for dagens bygg (ekskludert symjebassenget)
- inkludera ein aula / sal
- ha følgjande alternativ:

1. Rehabilitering dagens skule, dvs behalde bygget som i dag, men reparere og oppgradere til dagens standard og krav (om mogleg)

2. Transformere dagens skule, der delar av dagens bygg vert gjenbrukt på ny måte, og bygget framstår som nytt. Delvis riving, delvis påbygging er aktuelt
3. Rive dagens bygningsmasse og bygge ny skule på same tomt

For kvart alternativ skal moglegheitsstudien ha enkle vurderingar av desse tema:

- byggetid
- kvalitet for brukarane (byggemateriale, universell utforming, brukaroppleving m.m.)
- miljø/energi
- kostnader (grovt estimat) og usikkerheit i kostnadene

Kommunedirektøren kan supplere med fleire tema.

#### **AVRØYSTNG:**

Kjersti vevatne, V, sitt fellesframlegg vert samrøystes vedteke.

#### **FS - 049/23 VEDTAK:**

**Alle alternativ legg til grunn at symjehallen ikkje skal ligga ved ungdomsskulen**

**Moglegheitsstudien for skulen skal.**

- ha eit 50-års perspektiv
- ha ein teknisk tilstandsrapport for dagens bygg (ekskludert symjebassenget)
- inkludera ein aula / sal
- ha følgjande alternativ:
  1. Rehabilitering av dagens skule, dvs behalde bygget som i dag, men reparere og oppgradere til dagens standard og krav (om mogleg)
  2. Transformere dagens skule, der delar av dagens bygg vert gjenbrukt på ny måte, og bygget framstår som nytt. Delvis riving, delvis påbygging er aktuelt
  3. Rive dagens bygningsmasse og bygge ny skule på same tomt

For kvart alternativ skal moglegheitsstudien ha enkle vurderingar av desse tema:

- byggetid
- kvalitet for brukarane (byggemateriale, universell utforming, brukaroppleving m.m.)
- miljø/energi
- kostnader (grovt estimat) og usikkerheit i kostnadene

Kommunedirektøren kan supplere med fleire tema.

---

#### **050/23: Oppdatering av politisk styringsstruktur og reglement**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren har ikkje framlegg til vedtak i denne saka

**07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Hjalti Heimir Gislason, H, frá arbeidsgruppa orienterer.

Hjalti Heimir Gislason, H, hadde slikt framlegg:

Endringane av dei tre reglementa vert vedtekne slik dei ligg føre og dei vil gjelde frå 1. oktober 2023.

**AVRØYSTING:**

Hjalti H. Gislason, H, sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 050/23 VEDTAK:**

Endringane av dei tre reglementa vert vedtekne slik dei ligg føre og dei vil gjelde frå 1. oktober 2023.

---

**051/23: Justert førespurnad om busetting av flyktningar 2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy kommune seier nei til IMDI sin førespurnad om å auke busettinga i 2023 frå 60 til 70 personar.

**07.06.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 051/23 VEDTAK:**

Osterøy kommune seier nei til IMDI sin førespurnad om å auke busettinga i 2023 frå 60 til 70 personar.

---

**052/23: Bokbussen Soria Moria**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

**05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Biblioteket la fram saka for ungdomsrådet.

### **UR - 032/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støtter kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 052/23 VEDTAK:**

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

---

### **053/23: Flagging frå kommunale bygningar**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune skal flagge med det Samiske flagget 6. februar, og med PRIDE vimpel i juni månad.

Det skal kjøpast inn samiske flagg og PRIDE vimplar til alle kommunale flaggstenger. Kostnaden skal førast på ansvaret til Kommunale bygg.

Ein skal søke å inngå samarbeid med lokalsamfunna for å etablere samarbeid om flaggheis og flaggfiring på offentlege flaggdagar.

### **05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Kultur og mangfald la fram saka.

### **UR - 036/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vert vedteke: 8 røyster (V, 2H, 2SP, 2AP, FRP) mot 1 røyst (FRP)

### **FS - 053/23 VEDTAK:**

Osterøy kommune skal flagge med det Samiske flagget 6. februar, og med PRIDE vimpel i juni månad.

Det skal kjøpast inn samiske flagg og PRIDE vimplar til alle kommunale flaggstenger. Kostnaden

skal først på ansvaret til Kommunale bygg.

Ein skal søke å inngå samarbeid med lokalsamfunna for å etablere samarbeid om flaggheis og flaggfiring på offentlege flaggdagar.

---

#### **054/23: Løypemelding KDP Idrett og fysisk aktivitet**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

###### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vert avslutta utan å føre fram til endelig vedtak. Det skal skrivast nytt planprogram før i gang setting av nytt planarbeid, der kultur vert inkludert. Alle innspel og samskapingsmøter som er gjennomført, skal vere med i grunnlaget når arbeidet vert teke opp att.

Eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg vert utvida til å omfatte friluftsanlegg der Osterøy kommune eig grunnen, og skal svare ut same spørsmål for disse anlegga som for idrettsanlegg (jamfør sak 12/23).

#### **05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Kultur og mangfald la fram saka for ungdomsrådet.

##### **UR - 035/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

#### **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

##### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

##### **FS - 054/23 VEDTAK:**

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vert avslutta utan å føre fram til endelig vedtak. Det skal skrivast nytt planprogram før i gang setting av nytt planarbeid, der kultur vert inkludert. Alle innspel og samskapingsmøter som er gjennomført, skal vere med i grunnlaget når arbeidet vert teke opp att.

Eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg vert utvida til å omfatte friluftsanlegg der Osterøy kommune eig grunnen, og skal svare ut same spørsmål for disse anlegga som for idrettsanlegg (jamfør sak 12/23).

---

#### **055/23: Vedtak av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

**24.05.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**PL - 054/23 VEDTAK:**

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

**05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Koordinator for ungdomsrådet la fram saka.

**UR - 038/23 VEDTAK:**

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024-2033 vert vedteke slik det ligg føre. Samrøystes vedteke.

**07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Kjersti Vevatne, V, hadde slik merknad, det er hensiktsmessig at arbeidet med kommunedelplanen for kulturmiljø ligg i forkant av kommunedelplanen.

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 055/23 VEDTAK:**

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

---

**056/23: Generalforsamling i kommunaleigde selskap 2023 - førebuing**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren gjer ikkje framlegg til vedtak i denne saka.

## **05.06.2023 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Innstilling til styre i dei ulike kommunale selskapa vart slik:

Osterøy aktiv: Elin Bergan, styreleiar - attval  
Arne Reigstad, nestleiar - ikkje på val  
Linda Skjerping, attval  
vara; 1. Jarle Vik, ikkje på val  
2. Henning K. Rød, attval

Opro: Johannes Bysheim, styreleiar - ikkje på val  
Lillian K. Bjørnseth, attval  
Tor Magne Mostrøm, attval  
Tone D. Mosevoll, attval  
Ragnar Eikeland, ikkje på val  
vara: 1. Dorthe Tennebekk Vatle, ikkje på val  
2. Øystein Tveiterås, attval

Osterøy utvikling:

Formannskapet gjev arbeidsutval for innstilling i valsaker fullmakt til å innstilla på nytt styre til Osterøy utvikling.

Grunngjeving: Styre til Osterøy utvikling skal ha ny leiar. Arbeidsutvalet treng meir tid til å finna rette person.

### **VN - 006/23 VEDTAK:**

Innstilling til styre i dei ulike kommunale selskapa vart slik:

Osterøy aktiv: Elin Bergan, styreleiar - attval  
Arne Reigstad, nestleiar - ikkje på val  
Linda Skjerping, attval  
vara; 1. Jarle Vik, ikkje på val  
2. Henning K. Rød, attval

Opro: Johannes Bysheim, styreleiar - ikkje på val  
Lillian K. Bjørnseth, attval  
Tor Magne Mostrøm, attval  
Tone D. Mosevoll, attval  
Ragnar Eikeland, ikkje på val  
vara: 1. Dorthe Tennebekk Vatle, ikkje på val  
2. Øystein Tveiterås, attval

Osterøy utvikling:

Formannskapet gjev arbeidsutval for innstilling i valsaker fullmakt til å innstilla på nytt styre til Osterøy utvikling.

Grunngjeving: Styre til Osterøy utvikling skal ha ny leiar. Arbeidsutvalet treng meir tid til å finna rette person.

## **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

Turid B. Njåstad utvalsleiar for Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker (valnemnda) orienterer. Merknad, generalforsamlinga til Osterøy Utvikling er på eit seinare tidspunkt enn dei andre. Turid B. Njåstad hadde på vegne av Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker (valnemnd) slikt framlegg til vedtak: Styret i Opro AS og Osterøy Aktiv vert vedteke slik dei ligg føre frå Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker (valnemnd).

Ordføraren hadde slikt felles tilleggsframlegg: Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) innstiller eit styre til Osterøy Utvikling AS samt ei valnemnd.

### **AVRØYSTING:**

Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker (valnemnd) sitt framlegg vert samrøystes vedteke  
Ordføraren sitt felles tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 056/23 VEDTAK:**

**Styret i Opro AS og Osterøy Aktiv vert vedteke slik dei ligg føre frå Arbeidsutvalet for innstilling i valsaker (valnemnd).**  
**Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) innstiller eit styre til Osterøy Utvikling AS samt ei valnemnd.**

---

## **057/23: Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
**Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.**

## **05.06.2023 UNGDOMSRÅD**

Ungdomsrådet handsama ikkje saka.

### **UR - 037/23 VEDTAK:**

Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

## **07.06.2023 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 057/23 VEDTAK:**

**Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad vert vedteke slik dei ligg føre.**

---

**058/23: Tilslutning av nye deltakerkommuner til Bergen og Omland Friluftsråd**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Osterøy Kommune gir med dette sin tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap med virkning frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktelsar følger av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar. (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

**07.06.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 058/23 VEDTAK:**

Osterøy Kommune gir med dette sin tilslutning til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap med virkning frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forpliktelsar følger av samarbeidsavtalen og lov om kommunar og fylkeskommunar. (LOV-2018-06-22-83 frå 01.01.2020 «kommuneloven»).

---

**059/23: Søknad om skjenkeløyve - Den Grøne Fabrikken AS, Hosanger**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.06.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 059/23 VEDTAK:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Den Grøne Fabrikken AS, Hosanger

Løyveharar: Den Grøne Fabrikken AS, org.nr. 917 741 727

Styrar: Lars Magne Bysheim, f. 23.12.1954 og avløyser Trond Lillejord, f. 16.06.1963 vert

godkjende.

Type verksemd: Galleri, kunstverkstad, selskapslokale.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 10.00 – kl. 02.00  
(drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)

Skjenketid alkohol gruppe 3 alle dagar: kl. 13.00 – kl. 01.00  
(drikk over 22% til 60% alkoholinnhald)

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 24.00

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 3: kl. 13.00 – kl. 24.00

Løyveperiode: 22.06.2023 – 30.09.2024

---

## 060/23: Andre saker/spørsmål

Rådmannen sitt framlegg:

### 07.06.2023 FORMANNSKAPET

Kjersti Vevatne, V, hadde slikt innsendt spørsmål: Gjeld sak 025/23 og sak 053/23 i plan- og kommunalteknisk utval.1. I kva grad har Osterøy kommune lovheimel til å krevje framdrift i reguleringsplanprosessen no når dispensasjon er gitt og vilkåret om planoppstart er oppfylt? Kommunedirektøren gav slikt svar: Kommunen kan bidra til framdrift av planprosessen gjennom prioritering av plansaka i høve til dei ressursar som er tilgjengeleg og det som vert bestemt. Kommunen må uansett følgje plan- og bygningslova sitt regelverk for handsaming av reguleringsplanar, og kan difor ikkje styre framdrift av ei slik sak åleine. I vedtaket står det at kommunen har gjeve mellombels disposisjon i 5 år. Det er stilt vilkår om at planarbeid vert starta, men ikkje konkrete vilkår om framdrift ut over dette. Det må kommunen halde seg til.

2. Dersom planarbeidet vert lagt på is; korleis skal kommunen sjå til at klagen knytt til dispensasjonen vert handsama?

Kommunedirektøren gav slikt svar: Klagen er ikkje avvist, men under handsaming. Det er Statsforvaltaren i Vestland som er klageinstans (kommunen er underinstans) og saka er sendt dit for avgjerd av klagesaka. Det kan ta inntil 3 månader før avgjerd ligg føre.

3. All den tid der er ønskje om andre formål enn næring for dette arealet i rullering av kommuneplanen, kva kan ordførar gjere for å sørge for at avgjera i planutvalet ikkje legg føringar, og ikkje hindrar ein fri diskusjon om kva arealformål som er riktig for området?

Kommunedirektøren gav slikt svar: Dispensasjonen er gjeve mellombels for 5 år.

Reguleringsplanprosessen og prosessen med rullering av KPA vil måtte avklare fremtidig arealbruk. Søknaden om dispensasjon er i samsvar gjeldende arealformål i gjeldende KPA. Dispensasjonen i seg selv legger ikke mer eller mindre føringer enn det som allerede ligger i gjeldende KPA. Ordfører kan opplyse at man ved vurdering av fremtidig arealstatus i ny KPA skal se bort fra den midlertidige dispensasjonen.

---

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP hadde slikt spørsmål: Vedk. Landbrukskontoret. Dette har vore oppe som eit spørsmål tidlegare, der det endte med at kommunedirektøren fekk svare ut spørsmålet. No er situasjonen verre enn den var då, no har me ingen på landbrukskontoret. Eg har fått henvendingar frå mange bønder som ikkje får kontakt med landbrukskontoret. Det er oss politikarar sitt ansvar å sørge for at landbrukskontoret fungerer som det skal. Eg har vore i kontakt med nærliggande kommunar for å høyre om dei kjenner til vårt ynskje om eit samarbeid og det var ukjent for dei, difor vil eg at me gjer eit vedtak på det.

Kommunedirektøren gav slikt svar: Eg er ikkje kjend med at innbyggjarane ikkje får kontakt med landbrukskontoret, me har per i dag ein tilsett på Landbrukskontoret og Leiar på forvaltning og plan har bistått med arbeidet samt at me får bistand frå Vaksdal kommune ved behov. Me har lyst ut ei stilling på Landbrukskontoret via eit rekrutteringsbyrå der søknadsfristen er 19.06.23.

#### **AVRØYSTING BEHANDLING AV SAK:**

Behandling av sak vert vedteke: 5 røyster (2H, V, 2FRP) mot 4 røyster (2SP, 2AP)

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP, hadde slikt framlegg til vedtak: Kommunedirektøren skal snarast undersøkje om det er mogleg å få til eit vertskommunesamarbeid eller interkommunalt samarbeid vedrørende landbruk, skog og viltsaker i første omgang med nabokommune/kommunar. Det bør og undersøkast om heile eller delar av dette kan kjøpast frå anna kommune. Saka vert å leggje fram for formannsskap og Heradsstyre snarast mogleg.

#### **AVRØYSTING:**

Ragnar Johan Tyssebotn, FRP, sitt framlegg til vedtak vert vedteke: 5 røyster (2H, V, 2FRP) mot 4 røyster (2SP, 2AP)

#### **FS - 060/23 VEDTAK:**

##### **SAK OM LANDBRUKSKONTORET:**

**Kommunedirektøren skal snarast undersøkje om det er mogleg å få til eit vertskommunesamarbeid eller interkommunalt samarbeid vedrørende landbruk, skog og viltsaker i første omgang med nabokommune/kommunar.**

**Det bør og undersøkast om heile eller delar av dette kan kjøpast frå anna kommune. Saka vert å leggje fram for formannsskap og Heradsstyre snarast mogleg.**

---

Lars Fjeldstad, SP, fekk innvilga permisjon frå resten av møte. Ingen vara møtte.

Hjalti Heimir Gislason, H, tok over som møteleiar.

8 medlemmer/varamedlem tilstades

---

## 061/23: Kulturprisen 2023

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### 07.06.2023 FORMANNSKAPET

Hjalti H. Gislason, H, sette slikt felles framlegg: Møte vert lukka jf. Kommunelova § 11-5 tredje ledd, bokstav b:

"Hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier at møtet lukkes, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt fra innsyn etter offentleglova hvis de hadde stått i et dokument."

#### **AVRØYSTING OM Å LUKKE MØTE:**

Samrøystes vedteke

-----  
Møte vart opna igjen.  
-----

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Berit Moslett Borge og Hjalti Heimir Gislason

Lonevåg, 13.06.2023

Hilde Revheim Sture  
Sekretær